



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Servicekontoret for vidare arbeid

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/36	1206/2016	019	SVK/ UNNISTRA	02.02.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM  
INTENSJONSPLAN FOR Å SLÅ SAMAN VOLDA KOMMUNE OG ØRSTA  
KOMMUNE**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 28.01.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 10/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.*
- 2. Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016.*
- 3. Valstyret får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.*
- 4. Røysteretten følgjer vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født 2000) røysterett så fremt dei for øvrig fyller vilkåra. For å utøve røysterett, må veljare vere innført i kommunen sitt manntal seinast 29. februar (: skjeringsdato).*
- 5. Det skal innhentast eit manntal som inneheld alle som har røysterett pr 29. februar 2016.*
- 6. Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røystesettlar, likevel slik at røystesettlane blir lik i begge kommunane.*
- 7. Det skal leggest til rette for førehandsrøysting i perioden fredag 29 april.- fredag 13. mai 2016. Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsstemming i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.*
- 8. Valstyret får også delegert fullmakt til å utarbeide ei prosedyre for røysting pr post i same periode som førehandsrøystinga. Prosedyren må vere lik for Volda kommune og Ørsta kommune.*

- 9. Valstyret avgjer kor røystinga på valdagen skal skje, fastset tid for røystegjeving og vel røystestyre.*
- 10. Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggst til grunn så langt det er relevant.*
- 11. Valstyret skal utarbeide ei prosedyre for å handsame eventuelle klagar på røystinga, i tillegg til å avklare ekstern ankeinstans. Prosedyren må vere den same i begge kommunane.*
- 12. Det er ei føresetnad at det blir gjort likelydande vedtak i begge kommunane.*

Sakutgreiinga følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekretær

Kopi til:  
Ørsta kommune  
Sakshandsamar Inger-Johanne Johnsen

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/36
		Arkivkode:	019

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
1/16	Valstyret	19.01.2016
10/16	Kommunestyret	28.01.2016

## RÅDGJEANDE FOLKERØYSTING OM INTENSJONSPLAN FOR Å SLÅ SAMAN VOLDA KOMMUNE OG ØRSTA KOMMUNE

### *Handsaming i kommunestyret:*

Ordføraren informerte kort om status i arbeidet med forhandlingane om intensjonsavtalen mellom Volda og Ørsta.

Fride Schjølberg Sortehaug, V, kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 6:

- 6. Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utformina av røystesetlar.*

### **Røysting:**

Pkt. 1-5 og 7-12 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 6 i tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Fride S. Sortehaug, fekk tilrådinga frå formannskapet 21 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Sortehaug fekk seks røyster og fall.

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016**

- 1. Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.*
- 2. Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016.*
- 3. Valstyret får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.*
- 4. Røysteretten følgjer vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født 2000) røysterett så fremt dei for øvrig fyller vilkåra. For å utøve røysterett, må veljare vere innført i kommunen sitt manntal seinast 29. februar (: skjeringsdato).*

5. *Det skal innhentast eit manntal som inneheld alle som har røysterett pr 29. februar 2016.*
6. *Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røystesetlar, likevel slik at røystesetlane blir lik i begge kommunane.*
7. *Det skal leggest til rette for førehandsrøysting i perioden fredag 29 april.- fredag 13. mai 2016. Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsstemming i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.*
8. *Valstyret får også delegert fullmakt til å utarbeide ei prosedyre for røysting pr post i same periode som førehandsrøystinga. Prosedyren må vere lik for Volda kommune og Ørsta kommune.*
9. *Valstyret avgjer kor røystinga på valdagen skal skje, fastset tid for røystegjeving og vel røystestyre.*
10. *Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggest til grunn så langt det er relevant.*
11. *Valstyret skal utarbeide ei prosedyre for å handsame eventuelle klagar på røystinga, i tillegg til å avklare ekstern ankeinstans. Prosedyren må vere den same i begge kommunane.*
12. *Det er ei føresetnad at det blir gjort likelydande vedtak i begge kommunane.*

### ***Handsaming i valstyret:***

Det vart gjort ei redaksjonell endring i pkt. 4. – rett årstal skal vere 2000 ikkje 1998.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### ***Tilråding i valstyret - 19.01.2016 til kommunestyret:***

1. *Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.*
2. *Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016.*
3. *Valstyret får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.*

4. Røysteretten følger vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født 2000) røysterett så fremt dei for øvrig fyller vilkåra. For å utøve røysterett, må veljare vere innført i kommunen sitt manntal seinast 29. februar (: skjeringsdato).
5. Det skal innhentast eit manntal som inneheld alle som har røysterett pr 29. februar 2016.
6. Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røystesetlar, likevel slik at røystesetlane blir lik i begge kommunane.
7. Det skal leggst til rette for førehandsrøysting i perioden fredag 29 april.- fredag 13. mai 2016. Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsstemming i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.
8. Valstyret får også delegert fullmakt til å utarbeide ei prosedyre for røysting pr post i same periode som førehandsrøystinga. Prosedyren må vere lik for Volda kommune og Ørsta kommune.
9. Valstyret avgjer kor røystinga på valdagen skal skje, fastset tid for røystegjeving og vel røystestyre.
10. Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggst til grunn så langt det er relevant.
11. Valstyret skal utarbeide ei prosedyre for å handsame eventuelle klagar på røystinga, i tillegg til å avklare ekstern ankeinstans. Prosedyren må vere den same i begge kommunane.
12. Det er ei føresetnad at det blir gjort likelydande vedtak i begge kommunane.

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.
2. Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016.
3. Valstyret får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.
4. Røysteretten følger vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født 1998) røysterett så fremt dei for øvrig fyller vilkåra. For å utøve røysterett, må veljare vere innført i kommunen sitt manntal seinast 29. februar (: skjeringsdato).
5. Det skal innhentast eit manntal som inneheld alle som har røysterett pr 29. februar 2016.
6. Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røystesetlar, likevel slik at røystesetlane blir lik i begge kommunane.
7. Det skal leggst til rette for førehandsrøysting i perioden fredag 29 april.- fredag 13. mai 2016. Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsstemming i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.

8. Valstyret får også delegert fullmakt til å utarbeide ei prosedyre for røysting pr post i same periode som førehandsrøystinga. Prosedyren må vere lik for Volda kommune og Ørsta kommune.
9. Valstyret avgjer kor røystinga på valdagen skal skje, fastset tid for røystegjeving og vel røystestyre.
10. Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggest til grunn så langt det er relevant.
11. Valstyret skal utarbeide ei prosedyre for å handsame eventuelle klagar på røystinga, i tillegg til å avklare ekstern ankeinstans. Prosedyren må vere den same i begge kommunane.
12. Det er ei føresetnad at det blir gjort likelydande vedtak i begge kommunane.

#### **Vedleggsliste:**

[Valgloven](#)

[Forskrift til valgloven](#)

#### **Samandrag av saka:**

Kommunestyra i dei to kommunane vedtok i juni 2015 (K-sak 70/15) at det skal utarbeidast ein intensjonsplan for å slå saman Volda og Ørsta kommunar, og at denne skal leggest ut til folkerøysting i dei to kommunane. Folkerøystinga skal skje på same dag og kriteria for å røyste skal vere dei same i dei to kommunane.

#### **Saksopplysningar:**

Lovgrunnlaget for å halde lokale folkerøystingar er kommuneloven § 39 b, som lyder:

1. *Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokale folkeavstemninger.*
2. *Kommunene og fylkeskommunene plikter å rapportere de opplysninger som departementet finner er nødvendig for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.*

Utover dette er lokale folkerøystingar ikkje nemnd i andre lover og heller ikkje i valgloven som regulerer korleis val til storting og kommunestyre/fylkesting skal gjennomførast og kven som skal få røyste. I prinsippet står dermed kommunane fritt til å bestemme både gjennomføring og manntal sjølve. Samtidig har Noreg gitt si tilslutning til internasjonale avtalar som blant anna Europarådets "Code of good practice for referendums" som gir nokså klare ramme når det gjeld tilhøve som at val skal vere hemmelege, at det skal vere allmenn røysterett, at prosessane rundt valet skal vere slik at ein har tillit til resultatet m.v. Det kan derfor vere hensiktsmessig å ta utgangspunkt i eksisterande vallovgeving når vedtaka knytt til gjennomføringa av folkeavrøystinga skal bli gjort, sjølv om det formelt sett ikkje er påkravd.

Dersom ein legg til grunn valgloven sine bestemmingar, skal/bør følgjande spørsmål bli avgjort av kommunestyret:

- At det skal vere folkerøysting
- Spørsmål det skal røystast over
- Valdag(er)
- Valstyre
- Røysterett
- Førehandsrøysting
- Brevrøysting
- Gyldigheit av valet

Følgjande spørsmål kan kommunestyret velje å delegere:

- Manntal
- Røystesetlar
- Røystegjeving på valdagen
- Prøving av røystgjeving og røystsedlar, oppteljing, protokollering mv.
- Klage

### ***Folkerøysting og spørsmålet det skal røystast over***

Folkerøystinga vert gjennomført på grunnlag av informasjon om kommunereforma, og felles intensjonsplan for samanslåing av kommunane Volda og Ørsta vedtekne av kommunestyrea i forkant.

### ***Valdag***

Folkerøystinga skal gjennomførast 19. mai 2016

### ***Valstyre:***

Etter valgloven skal det vere eit valstyre i kvar kommune, som skal stå for den praktiske gjennomføringa av val til storting, fylkesting og kommunestyre. Dette blei valt då det nye kommunestyret blei konstituert (i oktober 2015).

### ***Røysterett:***

Valloven opererer med to sett av kriterium for å ha røysterett når det gjeld for stortingsval og val til kommunestyre/fylkesting. Ved stortingsval har norske statsborgarar som vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret, ikkje ha mista røysteretten etter Grunnloven § 53 og som er, eller har vore, folkeregisterført som busett i Noreg, røysterett. Ved val til kommunestyre og fylkesting har i tillegg personar som ikkje er norske statsborgarar, men som elles fyller vilkåra, røysterett dersom dei har stått innført i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen eller er statsborgar i eit anna nordisk land og er blitt folkeregisterført som busett i Noreg seinast 30. juni i valåret (som er skjeringsdato ved "ordinære" val). For å utøve røysterett, må veljaren vere innført i manntalet.

Det blir foreslått å legge kriteria for røysterett til kommunestyre/fylkesting (§2-2 i valgloven) til grunn for kven som skal ha røysterett ved den rådgjevande folkerøystinga. I tillegg skal personar som fyller 16 år i løpet av valåret (født 1998) og som elles fyller vilkåra, ha

røysterett. Skjeringsdatoen blir sett til 29. februar 2016. Det vil seie at for å utøve røysteretten må veljaren vere busett i den kommunen røystinga gjeld innan 29. februar 2016.

### ***Manntal:***

Det er skatteetaten som er folkeregistermynde i Noreg og som har dei opplysningane som er nødvendige for å lage eit manntal (oversikt over dei personane som har røysterett pr ein gitt dato). Ved ordinære val er det departementet som innhentar dei nødvendige manntalsopplysningane frå folkeregisteret og legg dei inn i det sentrale elektroniske valsystemet (EVA) som alle kommunar har tilgong til.

Det har ikkje blitt gitt tilgong til å bruke EVA ved folkerøystingar (:som ikkje blei gjort i tilknytning til kommune- og fylkestingsvalet 2015), så kommunar som skal ha folkerøystingar, må tinge manntal direkte frå Skattedirektoratet. Det vil vere uproblematisk å tilfredsstillе valgloven sine bestemningar når det gjeld utlegging av manntal til offentleg ettersyn (§2-6).

Om det vil vere mogleg å produsere og sende ut valkort er ikkje avklart: Det blir foreslått å delegere dette til valstyret å avgjere om dette og andre forhold som angår manntalet. Manntalet kan ikkje leggest ut til offentleg ettersyn på internett på grunn av føresegnene i folkeregisterloven § 13.

Krav om retting, innføring av dei som har røysterett og som er busett i utlandet og melding om endringar i manntalet skal skje i tråd med valgloven §§ 2-7 og 2-8.

### ***Røystesettlar***

Røystesettlar ved folkerøystinga kan utformast på to måtar:

1. Ein røystesettel der det kan kryssast av for anten Ja eller Nei (la vere å sette kryss = blank røyste).
2. Ein røystesettel med Ja, ein med Nei og ein blank.

Fordelen med alternativ a) er at ein treng færre røystesettlar (ein pr innbyggjar med røysterett i staden for ein av kvar) noko som er billigare og meir praktisk, særleg i forbindelse med ambulerande røysting (institusjonar og skular) og førehandsrøystegjeving. Ulempa er at det kan oppstå tvil om kva alternativ det er kryssa av for, og at prosessen med oppteljing derfor kan bli noko vanskelegare. Sidan det er lagt opp til at ein god del av røystene vil vere førehandsrøyster, og gitt utanfor ordinære vallokale blir den praktiske gjennomføringa tilrettelagt størst vekt, og rådmannen anbefaler derfor alternativ 1).

Kva kommune røysta skal teljast med i, vil vere avhengig av kva kommune den som skal røyste er manntalsført i. Det vil derfor vere mogleg å bruke felles røystesettlar for begge kommunane, dersom det er hensiktsmessig. Fordelane med å nytte felles røystesettlar er at det vil lette førehandsrøystinga i dei to kommunane. Ulempa er først og fremst knytt til at det må vere etablert rutinar/tiltak som sikrar at det ikkje oppstår tvil rundt kva røystesettlar som skal teljast med i kva kommune.

Den viktigaste forskjellen mellom førehandsrøystegjeving ved ordinære val og den vedtekne førehandsrøystinga, er at ein ved ordinære val har ei lovbestemt periode for førehandsrøysting og det er vallokale tilgjengelege over heile landet. For folkerøysting må kommunestyret vedta om det skal vere anledning til å røyste på førehand og når førehandsrøystinga skal starte. Det



vil heller ikkje vere praktisk mogleg å ha vallokalar andre stadar enn dei to kommunane der folkerøystinga skal haldast.

Ved siste val (hausten 2015) var blei om lag 19% av røystene avgitt på førehand i begge kommunane, og talet på førehandsrøyster har vore jamt stigande dei siste åra. Om årsaka til dette er at fleire faktisk ikkje har moglegheit til å røyste på valdagen eller berre vel å røyste på førehand, kan ikkje lesast ut av statistikken, men det synest likevel klart at det må bli gitt moglegheit til å røyste på førehand ved den vedtekne folkerøystinga.

Ved ordinære val opnar førehandsrøystinga 10. august, dvs om lag ein måned før valdagen og sluttar fredag før valdagen. Men det er viktig at grunnlaget for folkerøystinga - intensjonsavtalen - er kjent før røystinga tek til. Avtalen skal etter planen vere klar i slutten av april, og det blir derfor anbefalt å ha førehandsrøysting på kvardagar frå og med fredag 29 april – fredag 13. mai. Det må leggest til rette for førehandsrøysting i institusjonar og på ungdomsskular (10. klassetrinn), vidaregåande skule, sjukehus og høgskule i løpet av denne perioden. Det ligg med andre ord an til ein kort og litt hektisk periode med førehandsrøysting. Det bør også leggest til rette for at veljarar i dei to kommunane kan røyste på førehand i begge kommunane.

I valgloven § 8-1 (4) blir det opna for at veljarar som ikkje kan røyste i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, kan vende seg til kommunen og røyste tidlegare (:tidlegrøystegjeving). Det blir foreslått at ein ikkje opnar for denne moglegheita ved den vedtekne folkerøysting, mellom anna fordi det vil vere forholdsvis kort tid frå grunnlaget for avgjerd (:den ferdige intensjonsplanen) føreligg og førehandsrøystinga startar.

### ***Brevrøysting***

Valgloven § 8-2 (4) opnar for at veljarar som oppheld seg i utlandet og som ikkje har moglegheit til å oppsøke ein røystemottakar kan røyste pr post/brev. Andre kommunar (m.a. Bjugn) har halde folkerøysting utanom ordinært val, har opna for bruk av brevørøysting for veljarar som oppheld seg i utlandet eller andre delar av landet, og som ikkje har høve til å kome "heim" i løpet av den perioden førehandsrøystinga går føre seg. Det blir anbefalt å opne for brevørøystegjeving og la valstyret utarbeide nødvendige prosedyrar for dette.

### ***Røystegjeving på valdagen (valtinget)***

Kapittel 9 i valgloven gir detaljerte bestemmingar om røystegjeving på valdagen ved ordinære val. Dette omfattar blant anna tid og stad for røystegjeving, organisering, ordensreglar og prosedyrar for røystegjeving. Det er mest hensiktsmessig å følgje desse bestemmingane så langt det er relevant.

Det er truleg verken mogleg eller hensiktsmessig å endre røystekrinsinndelinga frå det som blei brukt ved kommunestyre- og fylkestingsvalet hausten 2015. På grunn av at valgloven formelt sett ikkje gjeld ved folkerøystingar, er det ikkje noko i vegen for at fleire røystekrinsar kan røyste i same lokale. Det er valstyret som avgjer kor røystegjevinga skal skje, som fastset tida for røystegjeving og nemner opp røystestyre. Det foreslås at valstyret vurderer om det er hensiktsmessig med færre vallokale.

### ***Prøving av røystegjeving og røystesetlar, oppteljing, protokollering m.v.***

Kapittel 10 i valgloven gir detaljerte bestemningar om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering. Det er truleg mest hensiktsmessig å følgje desse bestemmingane så langt det er relevant.

### ***Klage***

Ved ordinære val har alle som har røysterett, klagerett. Dersom klagen gjeld spørsmål om røysterett eller retten til å røyste, har også den som ikkje er blitt ført inn i manntalet klagerett. Klaga skal vere skriftleg og framsettast seinast 7 dagar etter valdagen til valstyret. Departementet er øvste klageinstans.

### ***Prøving av gyldigheita til valet***

Ved ordinære val skal det nyvalde kommunestyret treffe vedtak om kommunestyrevalet er gyldig. Kommunestyret skal kjenne valet ugyldig dersom det er gjort feil som kan ha hatt innflytelse på fordelinga av mandata mellom listene og som det ikkje er mogleg å rette. Departementet vil i så fall påby omval.

På grunn av at det her er snakk om ei rådgjevande folkerøysting der sjølve vedtaket skal gjerast av kommunestyret, blir det sett på som unødvendig å etablere ei eiga prosedyre for å prøve valet si gyldigheit.

### **Vurdering og konklusjon:**

Informasjon om kommunereforma, og kva det inneber å slå seg saman vil vere viktig å få informert godt om for at folk skal kunne forhalde seg til dette spørsmålet ut frå faktisk kunnskap. Dersom ein ikkje når folket med kunnskap, så kan ei folkerøysting verte eit barometer for folk sine kjensler.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ei folkerøysting vil gje utgifter til m.a. møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til dei som sit i dei ulike røystestyra, trykking av røystesetlar og leige av vallokale.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Servicekontoret for vidare arbeid  
Ørsta kommune